

Styrk skulebiblioteket - styrk lesekompetansen til elevane

I den nye forskrifta til Opplæringslova, § 11-2 Skulebibliotek står det:

“Skulebiblioteket skal bidra til å utvikle språkferdigheitene, leseferdigheitene og evna til å tenke kritisk hos elevane, og til å jamne ut sosiale forskjellar.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane har tilgang til eit skulebibliotek eller eit anna bibliotek som er særskilt tilrettelagt for skolen.

Biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane”.



Dette betyr at det bør settast av:

- pengar til bøker for eit breitt og oppdatert utval
- midlar til ein tilstrekkeleg stillingsprosent for tilgjengelegheit og aktiv bruk
- tid til litteraturformidling og relasjonsbygging for å fremje leselyst og lesekultur
- tid til vekevisе besøk for å innlema biblioteket i skulekvardagen

Skulebiblioteket - det viktigaste rommet.

Helsing Aksjon Skulebibliotek ved Bibliotekarforbundet, Den norske Forfatterforening, Den norske Forleggerforening, Fagforbundet, Foreningen !les, Forfatterforbundet, Leser søker bok, Norsk bibliotekforening/Norsk bibliotekforening skole, Norsk Oversetterforening, Norsk barnebokinstitutt, Norsk faglitterær forfatter og oversetterforening, Norsk Forfattersentrum, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere og Skulebibliotekarforeningen i Norge.